



Hardangerrådet IKS



Til
Statens Vegvesen Region Vest
v/ Paal Fosdal
Askedalen 4
6863 Leikanger

Uttale til Høyring Konseptvalutgreiing Voss – Arna. Transportløysing veg/bane.

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Veg og bane mellom Bergen og Voss er viktig for Hardanger. Hardangerrådet iks takkar for å vera ein av høyringsinstansane til denne KVVU-en og å få vera interessepart for KS1. Hardangerrådet iks vil med dette nytta høvet til å gje følgjande uttale:

Tidlegare korrespondanse:

Hardangerrådet iks viser til tidlegare korrespondanse om dette temaet:

- Brev av 18.11.2011 frå Hardangerrådet iks til Samferdselsdepartement og Hordaland Fylkeskommune
- Svarbrev av 09.03.2012 frå Samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa
- Brev av 29.04.2013 frå Hardangerrådet iks til Samferdselsdepartementet og Hordaland Fylkeskommune.
- Svarbrev av 24.06.2013 frå Samferdselsdepartementet ved Avdelingsdirektør Ingun Hagesveen.

Støtte til alternativ K5:

Hardangerrådet iks viser til Hovudrapporten med tilråding om å velja alternativ K5 for veg/bane Voss-Arna. Hardangerrådet vil, med utgangspunkt i at Alternativ K4G vart lagt til sides, støtta val av K5 som løysing. Dette «columbiegget» vil kopla veg og bane smart saman med tanke på rømingløyningar. Togtid på 30 minutt og køyretid på 1 time Voss – Bergen vil knyta nordre deler av Hardanger tettare til Bergen der Vossapakken og Hardangerbrua har korta vegen til Voss stasjon monaleg.

Vidare så vil Hardangerrådet peika på at for ytre og søre deler av Hardanger så er Arna viktig knutepunkt for trafikken til Bergen. Hardangerrådet vil be om at det i KVVU-arbeidet vert sett fokus på «park-and-ride» med framtridsretta løysingar og nok parkeringsplassar både ved Voss Stasjon og Arna stasjon. Saman med Bergen kommune si satsing austover i Arna bydel, så skaper K5 grunnlag for regionutvikling for Hardanger.

Manglande utgreiing av Fv 7 so beredskapsveg:

Hardangerrådet iks er sterkt kritisk til at Hovudrapporten KVVU Voss-Arna ignorerer Fylkesveg 7 som beredskapsveg og omkøyringsveg for E 16 Voss-Arna.

Trafikken austover til/frå Trengereid fordeler seg med 60 % over Voss og 40 % over Kvam. Fv 7 Øystese-Granvin er ikkje dimensjonert for den dobla trafikkmengden som kjem når E 16 Trengereid –Voss er stengt grunna ras eller trafikkuhell. Dette medfører store forseinkingar og ulemper for trafikantane og betydelege samfunnmessige kostnader. Slik kan det ikkje vera i framtida.

Både i den lange byggjeperioden for nye E 16 Voss-Arna og etter opning av ny veg, så vil det vera lengre tidsperiodar med stenging. Det vil medføra omdirigeringa av trafikken. I KVVU-er omkøyring tenkt på «gamlevegen», men all erfaring tilseier at Fv 7 vil få hovudtrafikken. Mykje godt utbetringarbeid er i gang på Fv 7 for å møta framtida. Hordaland Fylkeskommune byggjer no både Haukanestunnelen og Lussandtunnelen, Kvammapakken utbettrar fleire

vanskelege parti og Kvam herad utgreier Håfjellstunnelen Øystese-Fykse som alternativ til Skarparvingen. Fv 7 vil med desse anlegga få monaleg betre flyt i trafikken, men som Beredskapsveg for E 16 så må fleire smale og rasutsette vegparti utbetrast for å unngå trafikk-korkar.

Samferdselsminister Kleppa påpeikar at Fv 7 skal vera del av KVVU-en der trafikk- og rollefordeling vert analysert. Brevet frå Avdelingsdirektør Hagesveen stadfester at Fv 7 er viktig beredskapsveg. Dette er ikkje gjort i KVVU-en og Fv 7 som avlastningsveg er ikkje vurdert. Med bakgrunn i uttalene frå Samferdselsdepartementet så forventar Hardangerrådet iks at Konsekvensutgreiinga og Konseptvalutgreiinga for Voss-Arna tek med ei utgreiing om nødvendige tiltak på Fv 7 for å etablere ein rasjonell Beredskapsveg for E 16. Kostnadane med omkøyringsveg langs K5 må vurderast i høve kostnadane for omkøyring på Fv 7.

Hardangerrådet iks viser vidare til faktainformasjon og argumentasjon i breva frå Hardangerrådet til Samferdselsdepartementet og Fylkeskommunen og meiner at Fv 7 må rustast opp som beredskaps- og avlastningsveg for å ta imot trafikken som ein veit kjem ved stengd E 16 Arna-Voss i byggeperioden og etter fullført anlegg.

Kinsarvik 16.10.2014

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Kopi til
Kjell Kvåle, Statens Vegvesen
Osloeconomics og TERRAMAR
Kvam herad
Granvin herad
Ulvik herad